

Skulemusikken startar sesongen, og ønskjer fleire aspirantar.

07.09.2020



Denne supergjengen er klar for ny sesong.

Onsdag førstkommande er det klart for første øving i skulemusikken. Etter det vi kjenner til, er alle dei flinke musikarane frå i fjar klar for ny innsats, nye aspirantar er klare, men styret ønskjer at endå fleire skal meldt seg. Dyktige Tor Skeie Olsen startar på sin 11. sesong som dirigent, og korpset er så heldige at han i år får med seg to unge og kjekke instruktørar.



Denne trioen, Tor, Hanna og Camilla, vil sikra at musikarane får eit godt musikalsk tilbod.

I motsetnad til mange andre korps heldt Uskedal skulemusikk øvingane i gang gjennom korona-våren, først med digitale øvingar og seinare med vanlege samla øvingar. På dei fysiske øvingane var dei i Strandstova i båthamna. Mot kaldare tider var det behov for anna øvingslokale, og no har folk frå styret gjennomført smittevernkurser så dermed kan korpset få starta med øvingar på skulen.

Første øving vert førstkommande onsdag, 09.09. Apirantane øver frå 17 til 18 medan korpset har øvingstid frå 17 til 19. Korpset ønskjer fleire aspirantar, og styret bed dei som ikkje har meldt seg før, om å ta kontakt med Monica Hermann (906 35 493) eller Haldis Aakra (970 43 869). Dei kan møta på første øving, og dei som er helt nye, vil få prøveblåsa på ulike messinginstrument.

Dyktige og godt likte Tor Skeie Olsen kan sjå tilbake på 10 fine år som dirigent i Uskedal skulemusikk. Både musikarane og styret er svært glade for at han no går i gang med sin 11. sesong. I år er dei også så heldige at dei får to unge, flinke og særskjekke instruktørar. Begge har lang fartstid i korpset og sluttar for eit år sidan. Då reiste solokornettisten Camilla M. Ripel(18 år) til USA som utvekslingsstudent, men ho la slett ikkje kornetten på hylla. Ho fekk ei stor oppleving ved å spela i store amerikanske korps. Hanna Tvilde (også 18) har like lang fartstid i skulemusikken, og ho har vore poteta i korpset då ho er svært flink både på slagverk og ulike

blåseinstrument. At desse to flinke jentene no skal bidra på instruktørsida, vil gje korpset eit løft, og det er svært gledeleleg. Det gjer at det vert lagt godt til rette for at skulemusikken fortset den flotte utviklinga dei hadde gjennom fjaråssesongen etter at det var eit generasjonsskifte i korpset.

Øvingsdagen er altså onsdag, og første øving vert førskommende onsdag kl.17 i skulen.

I tillegg til dei faste øvingane i korpset er ein del av musikarane elevar på sitt instrument i Kvinnherad kulturskule. Der har dei i år Nick Hughes som lærar. Han er ny i kulturskulen dette året, er frå Wales, men er gift og har vore busett på Tysnes i ein del år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Haldis Aakra.